

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 4/2006

Møtedato: 1.2.06

Arkiv nr: S 593

S 593 , Gilen - søknad om kårsel

Terje Kjøs og Monica Tvenge søker om å få føre opp kårsel på 68,75 m². Selet er tenkt plassert søraustre del av tilleggsjorda, ca 250 meter frå noverande stølstun.

På stølen er frå før uthus/skåle på 16m², fjøs på 44 m² og sel på 104 m². Samla areal for sel og kårsel blir 172,75 m².

Søkjaren brukar stølen til mjølkeproduksjon, beite og slått.

Stølen er i bruk etter fjellova og skal behandlast etter § 13 i stølsforskriftene der det heiter:
Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn.

Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.

Statskog og fjellstyret har i alle tidlegare saker kravd at husvære på stølen skal samlast i tun.

Statskog skriv i brev datert 2.12.05 følgjande:

Dersom fjellstyret mener det er behov for kårsel i forbindelse med stølsdrifta har ikke Statskog merknader til oppføring av kårsel. Det er imidlertid søkt om plassering på tilleggsjorda oppmålt i 1989, og der utvisningsforretning ble undertegnet i 1999. Det er ikke eget gab.nr. på tilleggsjorda da vi tidligere ikke opprettet nytt gab.nr. på tilleggsjord inntil stølutsvisning. Eventuelt kårsel mener vi må plasseres på stølutsvisningen og i tun med selet slik tidligere praksis for kårsel er.

Vedtak:

Fjellstyret meiner huset er i største laget som kårsel, men kan under tvil godkjenne storleiken på bygget. Fjellstyret ber likevel søkjaren vurdere å redusere storleiken på kårselet.

Fjellstyret finn ikkje å kunne godkjenne plassering av selet på tilleggsjorda og så langt frå stølstunet. Endeleg løyve kan ikkje gjevast før enn det er lagt fram skisse som viser ny plassering av selet i eksisterande stølstun.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 2.2.06.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Terje Kjøs og Monica Tvenge
Statskog
Vestre Slidre kommune